

## Aktuelle adresser og telefonar:

**Motorferdselsutvalet i Vinje kommune**  
3890 Vinje  
Tlf.: 35 06 23 00 Faks: 35 06 23 39

**Motorferdselsutvalet i Tinn kommune**  
3656 Atrå.  
Tlf: 35 08 11 70 Faks: 35 08 11 75

**Tilsynsutvalet i Telemark**  
3656 Atrå  
Tlf: 35 08 11 70 Faks: 35 08 11 75

**Fylkesmannen i Telemark**  
Gjerpens gt. 14, 3716 Skien  
Tlf: 35 58 61 10 Faks: 35 52 85 90

**Rjukan Politistasjon**  
Sam Eydes gt. 71, 3660 Rjukan  
Tlf: 35 08 07 00 Faks: 35 08 07 02

**Statens Naturoppsyn**  
Postboks 2, 3661 Rjukan  
Tlf: 35 08 12 50 Faks: 35 08 12 59

Utgjeven mars 2000  
Direktoratet for naturforvaltning  
TE 855

# Ferdsl i utmark i barmarksesongen

**Motorferdsl på barmark kan setje varige spor i naturen. Difor er reglane for kjøring på barmark strengare enn på snødekt mark.**

## Kjøring i utmark utan søknad:

- **Til og frå fast busetting utan veg.**  
Det er tillate med naudsynt gods- og persontransport mellom fast busetting og bilveg.
- **I jordbruks- og skogbruksnæring.**  
I samband med utøving av jordbruk og skogbruk er det tillate å frakte personar og varer. Drift av utleiehytter, jakt, fangst, fiske og bærsanking reknast ikkje som landbruksnæring. I ein del høve kan kommunen likevel gje dispensasjon.
- **Transport av jaktutbytte ved jakt på elg og hjort.**
- **Andre føremål:**  
Det er tillate å kjøre utan søknad for offentleg post og teleteneste, offentleg oppsyns- og tilsynsteneste, politi og ambulanse, vidare for forsvaret under øving og for redningsteneste.

## Kjøring i utmark etter søknad

Kommunen kan, etter søknad, tillate nyttekjøring til andre formål. Det kan til dømes gjelde:

- Transport av byggjematerialer når dette kan skje utan særleg skade på naturen.
- Henting av ved og tømmer for personar som ikkje har jord- eller skogbruk som næring.
- Frakt av bær som ledd i næring.
- Transport av reinskjøt og fisk utanfor nasjonalparken.
- Kommunen kan gje løyve til kjøring etter andre formål, så fram det ikkje dreiar seg om turkjøring.

## Motorisert ferdsl i Hardangervidda nasjonalpark

I Hardangervidda Nasjonalpark er det er utan søknad lov å nytte fly til uttransport av felt villrein frå desse vatna i Telemark: Hellevatn, Fjellsjøen, Sandvatn, Briskevatn, Vollevatn, Gjuvsjøen, Ugletjønn, Store Meinsvatn, Kallungsjå, Gunleiksbuvatn, Viuvatn og Sletteidvatn. Dette gjeld til og med tre dagar etter avslutta jakt. All flyging skal rapporterast til tilsynsutvalet straks turen er avslutta.

**I Hardangervidda nasjonalpark kan tilsynsutvalet eller fylkesmannen etter søknad gje løyve til bruk av fly, helikopter og båt med motor på vatn under 2 kvadratkilometer i desse tilfella:**

- I samband med naudsynt transport i storviltjakta.
- Transport av varer, utstyr, sjuke og skadde dyr i samband med beitebruk.
- Frakt av varer og utstyr til turisthytter.
- Frakt av varer, utstyr og fangst i samband med garnfiske når det har eit omfang på minimum 50 garndøgn.
- Transport av gamle og uføre som er særleg knytt til nasjonalparken.
- Bruk av helikopter i samband med teleteneste og el-forsyning.

## Motorisert ferdsl på vatn og vassdrag

Ferdsl med motorbåt er i utgangspunktet tillate på vatn over 2 kvadratkilometer og på innsjøar mindre enn 2 kvadratkilometer, når desse inngår som en del av et farbart vassdrag. Bruk av vasskuter er ikkje tillate i Vinje. I Tinn er det forbod mot bruk av motorfartøy på desse regulerte vatna: Mårvatn, Kalhovdfjorden - Viervatn og Kilsfjorden - Gøystvatn. Motorbåt kan her likevel brukast ved leigekjøring, transport ved utøving av villreinjakt, fiske for eigar/leigar av fiskerett og for transport til og frå eigen eigedom: Kommunen kan gje dispensasjon i særlege tilfelle.

## Diverse informasjon

### Dei veglause bruka på Møsstrond - praktiske konsekvenser for fastbuande og vitjande.

Det er tillate med naudsynt gods- og persontransport til og frå dei faste, veglause busettingane på Møsstrond. Dei som er fast busett der, kan utan løyve reise på vitjing til kvarandre og til hytter langs Møsvatn. Vidare er ferdsl til kyrkje, skule, møter, sosiale samkomer og Møsstrond Landhandel tillate utan løyve for dei fast busette på veglause bruk.

Personar som ikkje er fast busett på dei veglause bustadene langs Møsstrond kan, utan løyve, bruke snøskuter ved vitjing til veglaus busetnad. Det er ein føresetnad at dei nyttar kortaste avstand frå bilveg. Personar som ikkje er fast busett på veglause bustader på Møsstrond, kan ikkje utan løyve/leigettransport kjøre på vitjing til hytter i same område.

## Møsvatn Austfjell landskapsvernområde

I Møsvatn Austfjell landskapsvernområde med Hondle fuglefredningsområde gjeld dei same reglane for motorisert ferdsl som i anna utmark i dei to kommunane. Det er kommunane som skal handsame søknader om motorisert ferdsl i dette området.

## Brattefjell - Vindeggen Villreinområde

I dei områda som er definert som villreinareal i Brattefjell - Vindeggen gjeld særlege reglar, mellom anna er all motorisert ferdsl forbode i tida 15. april til 1. juli.

## Skirvedalen Natureservat i Tinn

All motorferdsl i naturreservatet er i utgangspunktet forbode. Fylkesmannen kan gje dispensasjon.

## Handheving og kontroll

Politiet og Statens naturoppsyn gjennomfører kontroll av ferdsl i utmark og etter vegtrafikkloven. Den som gjennomfører kontrollen, pliktar på spurnad å legitimere seg. Førar plikter likeins å stoppe på teikn frå politi/oppsyn. På spurnad pliktar førar å gje opp namn, adresse, fødselsdato og stilling. Det er straffbart ikkje å etterkoma dette, eller å gje falske opplysningar.

## Søknad og klage

Skriftleg, godt grunngjeven søknad på fastsett skjema sender ein til kommunen når det gjeld kjøring i vanleg utmark og til tilsynsutvalet når det gjeld nasjonalparken. Kommunen skal vurdere søknaden opp mot mogelege skader og ulemper, og kan setje vilkår for løyvet. For enkelte formål kan kommunen gje løyve for fleire år. Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Telemark innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. I Vinje er det eit krav at søknad må vera kommunen i hende minimum 3 veker før transporten tek til. I alle høve er det viktig å søke i god tid, slik at kommunen rekk å behandle søknaden før kjøring skal skje!

## Kjenner du reglane for motorferdsl i utmark i Tinn og Vinje?

Ein informasjonsfaldar utarbeidd av Statens Naturoppsyn i samarbeid med Tinn og Vinje kommunar, Tilsynsutvalet i Telemark, Fylkesmannen i Telemark, Møsstrond Snøscooterklubb og Rjukan Politidistrikt.



# Ferdsel i utmark i vintersesongen

## Bakgrunnen for og formålet med denne faldaren

**Bruk av motorisert kjøretøy i utmark er i utgangspunktet forbode. Samstundes er snøskuter, traktor, terrengmotersyssel og motorbåt praktiske og naudsynte framkomstmiddel for svært mange i Tinn og Vinje. Regelverket for bruk av motoriserte kjøretøy i utmark er innvikla og mangfaldig. Det er viktig at brukarane kjenner reglane slik at dei har høve til å innrette seg lovlydig. Difor har fleire offentlege og private organ med oppgåver på dette feltet gått saman om denne informasjonen som blir sendt til alle husstandar i dei to kommunane. Me vonar du har nytte av faldaren!**

## Kjøring av snøskuter i utmark utan søknad

I utgangspunktet er bruk av snøskuter i utmark forbode. Her kjem dei unntaka som har direkte heimel i motorferdselsloven og der ein **ikkje** treng særskilt løyve:

- **Til og frå fast busetting i områder utan veg.** Det er tillate med naudsynt gods- og persontransport til og frå fast busetting. I vårt område vil det seie dei veglause busettingane etter Møssstrond, sjå eige avsnitt om dette.
- **I jord - og skogbruksnæring.** I samband med utøving av jordbruk og skogbruk er det tillate å frakte personar og varer. Det er eit vilkår at drifta er knytt til ein eigedom på minimum 5 dekar innmark eller 25 dekar produktiv skog. Om ein nyttar medhjelpar i jord- og skogbruk må det dreie seg om eit reelt, dokumenterbart arbeidsforhold. Drift av utleigehytter, jakt, fangst, fiske og bærsanking reknast ikkje som jordbruksnæring i denne samanheng.

- **På snødekt innmark.** Det er tillate med snøskuterkjøring på snødekt innmark når grunneigar har gjeve lov til det.
- **På brøytt offentlig veg.** Snøskuter kan nyttast på brøytt offentlig veg dersom den er registrert for det (kvite skilt).
- **Transport ved bygging.** I samband med bygging er det tillate å kjøre utan løyve i ein vanleg byggeperiode. Dette gjeld transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk ved bygging i samsvar med byggeløyve. Hugs å ha med byggeløyve som dokumentasjon ved kjøring. I villreinområda i Tinn må ein etter kommunal forskrift søkje kommunen om løyve til kjøring for dette formålet.
- **Transport av ved.** Det er tillate å transportere ved frå eigen eigedom til eigen fast busetting.
- **Løypekjøring.** Opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakkar for ålmenta og for konkurransar er tillate når kjøringa foregår i regi av kommunar, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter. I villreinområda i Tinn må ein etter kommunal forskrift søkje kommunen om løyve til kjøring for dette formålet.
- **Transport som er nødvendig for drift av turistanlegg.** Dette gjeld overnattings - og serveringstader, skiheisar og liknande som ikkje ligg til brøyta veg. I villreinområda i Tinn må ein etter kommunal forskrift søkje kommunen om løyve til kjøring for dette formålet.
- **Andre formål:** Det er tillate å bruke snøskuter utan søknad for offentlig post og teleteneste, offentlig oppsyn, politi og ambulanse, vidare for forsvaret under øving, for redningsteneste og for vitenskaplege undersøkingar.

## Kjøring av snøskuter etter løyve frå kommunen

Kommunen kan etter søknad gje dispensasjonar innan visse rammer. Ein slik dispensasjon er personleg og kan ikkje overtakast av andre med mindre det står i løyvet. Søknadskjema får ein ved å vende seg til kommunen, sjå adresse og telefon på baksida.

- Dispensasjonen frå kommunen skal innehalde:
- Formålet med kjøringa, registreringsnummer og namn på føraren.
  - Kvar dispensasjonen gjeld: Ein bestemt trase eller område.
  - Den bestemte tidsperioden løyvet gjeld.

Hugs å ha med dispensasjonen i original tilstand under kjøring.

## Kommunen kan gje dispensasjon i desse tilfella:

- **Fastbuande som tek på seg ervervsmessig kjøring eller leigekjøring.** Sjø eige avsnitt om dette.
- **Transport av ved ut over det som er direkte tillate utan søknad.**
- **Transport ved varig funksjonshemming.**
- **Transport av bagasje og utstyr mellom hytte og bilveg, der hytta ligg minst 2,5 km frå brøytt veg.** Slik dispensasjon bli berre gjeve til hytteeigar eller næraste familie.
- **Snøskutertransport til utleigehytter.** Med slike løyve er transport av gjestene og tilsyn med desse tillate.
- **Løyve ved særlege behov.** Kommunen kan gje løyve til kjøring etter andre særskilte formål, så fram det ikkje dreiar seg om turkjøring.

## Kjøring med snøskuter i Hardangervidda Nasjonalpark

I nasjonalparken gjeld særskilte reglar, og vilkåra for å få løyve er strengare enn utanfor. Tilsynsutvalet i Telemark kan etter søknad gje løyve til:

- Naudsynt transport av materialar, brensele o.l. til hytter og buer.
- Transport av varer, utstyr og fangst i samband med garnfiske når det har eit omfang på minst 50 garndøgn.
- Transport av varer og utstyr i samband med beitebruk.
- Frakt av varer og utstyr til turisthytter.
- Kvisting av skiløyper.
- Kjøring av gamle og uføre som er særleg tilknytta nasjonalparkområdet.
- Transport i samband med teleteneste og el- forsyning.
- Frakt av kalk til vatn når dette er godkjent av Fylkesmannen i Telemark.

## Leigekjøring

Som ein service til publikum er det i Tinn og Vinje god dekning av firma og personar som driv leigekjøring. Mange av desse kan og påta seg oppgåver som tilsyn, snømåking, sal og transport av ved og liknande tenester for hytteeigarane. Dette er og med på å styrke det lokale næringslivet i desse utkantkommunane. For å avgrense kjøringa mest mogeleg vil ein tilrå at hytteeigarar og andre i størst mogeleg grad nyttar seg av tilbodet om leigekjøring. Oversikt over desse får ein ved å vende seg til Rjukan Turistkontor, tlf 35 09 12 90 eller Rauland Turist A/S tlf 35 06 26 30.

## Personar eller firma med løyve til leigekjøring kan utføre:

1. Transport mellom bilveg og hytte. Det er ikkje sett særskilte krav til avstand mellom hytte og bilveg.
2. Tilsyn med hytte etter oppdrag frå hytteeigar.
3. Transport for massemedia på reportasjeoppdrag.
4. Transport av ved.
5. Transport av uføre.
6. Transport ved særlege behov etter særskilt løyve.

## Vegtrafikkloven

All kjøring med snøskuter er omfatta av vegtrafikkloven. Denne loven gjeld og på privat inn- og utmark.

- All ferdsel skal foregå påpasseleg og varsamt av omsyn til mellom anna skiløparar, born og dyreliv.
- Det blir kravd førarkort for snøskuter, traktor, motorsyssel eller bil.
- Vognkort og førarkort skal ein alltid ha med under kjøring.
- Kjøring i rusa tilstand er ikkje tillate.
- Fartsgrensa for snøskuter i utmark er 80 km i timen. Ved kjøring på offentlig veg gjeld dei fartsgrensene som er skilta.
- Snøskuter skal ved bruk vera i forsvarleg og forskriftsmessig stand.
- Snøskuter skal vera registrert. Registeringskiltet skal festas godt synleg og tilnærma vertikalt i fronten av skuteren, ikkje bak.